

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Sjernarøy.

Emne: Gamal engkultur.

Bygdelag: Nord-Hidle.

Oppskr. av: Johannes Hidle.

Gard: Nord-Hidle.

(adresse): Nord-Hidle.

G.nr. 12. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ordi eng og utslåtter i det sore og heile nytta som i emnelista. Berre at utslåtter var lite i bruk her på desse små øyane. Ordet ekra nytta, likeso: attlega, um enn mindre. Båe tyder jordstykke som har vore åker men no er eng.

Tale um tjukkeng og småeng. Likeso: enghøy, vollhøy og småhøy. Det som dei kalla skrapeslått fekk dei smalahøy på. Dei slo med langljå på tjukkeng og der det var flatt. Stuttljå nytta dei i ulende og der det var lite på.

2. Eng og utslåtter måtte rydjast for lauv og stein og kvist, sumtid hogg dei og burt noko av skogen, som vaks upp. Helst ved lauving eller til brenneved. Dungane av lauv og kvist dei raka saman heitte "rotdungar" eller "rotadungar". Arbeidet: å rydja. Før brende dei jamt lauvet dei rotte ihop, stundom let dei det liggja og rotta, no køyrer dei det helst heim og har i stallen. Oska av det brende lauvet låg på staden utan å spreidast av folk. Lite brukt å rydja stein burt frå utslåtter.

3. Dei strøydde oska på mosen, då visna han noko burt. Ikkje brukt å så grasfrø i mose-eng som var oskestrøydd. Dei sådde grasfrø i åker dei vilde ha til eng, slikt frø dei sopa upp i høystaden. No vanleg så høvfrø i attleger. Før let dei slike gro att av seg sjölv.

4. Dei tok spretteveiter for å leida burt vatn frå vasssjuk jord. Vatning ukjent her.

5. Noko av engi vart gjødsla, utslåtter ikkje. Mindre i eldre tid med mindre gjødsel. Tidi dei byrja gjødsla engi meir veit eg ikkje visst, truleg då dei fekk meir kunstgjødsel. Dei hadde mykje åker før, so der vart lite att av gjødsel til engi. Sume skrapa det som var att i skuten når gjødsli var utkøyrd og hadde på engi, dei nytta det avdi der ikkje var, underburd i dette. Gjødsli vart ikkje rekna i lasse-tal på engstykki.

6. Dei gjødsla alltid um våren og helst i seinaste laget. Ikkje sers namn på dei stykki dei gjødsla, eller høyet frå dei.

7. Nei, ikkje etterplan. Sume stader kunde dei verta sette so avdi det høvde best ha husi der. Dei la heller ikkje åkrar på høgder so hevdi skulde koma engi til gode.

8. Gjødsla stödt um våren. Nytta same reidskaper som til åkeren, anna riva som dei raka i gjødsli med for å smuldra, og so seinare rishvorv på den.

Til lessing av hevdi bruka dei store heimearbeidde greiper, tinge og sterke, Breittlegreiper med 3 rette angar til å breida med. No berre nyare lette greiper å lessa og spreida gjødsli med.

2.
9. Kröteri beitte eng og utslåtter, ikkje med tanke på at det skulde gjödsle, det var for å skaffa dyri mat. Var dei i fornaud beitte dei um våren; alle beitte um hausten, gjerdebeite, både til kyr og smale. Alle engstykke beitte, utan dei hadde frukt-tre der, det vil segja i hagane. Beitte dei um våren, var det der dei var noko på til mat åt dyri.

10. No minkar hautsbeitingi burt, dei har ikkje dyri gåande so lenge ute som før, set dei inn og let det litle gras set som er att, stå, anten til sauene, eller helst er mange her no utan sauer.

11. Ikkje jamna utyver det kröteri la etter seg, det kunde henda dei spende litt i det med foten um dei gjekk framum, ikkje anna.

12. Kröteri anten ute heile notti eller og inne i eit sumarhus nattetider. Det stod ope og dei kunde gå inn sjölv. Vart det sers uver kunde folk stengja dei inne. Likeso um det vart sers kjøleg. Gjödsla der inne nytta dei på åker eller eng, helst åker.

13. Ikkje kve eller anna heining åt dyri ute her.

14-20 ukjent her.

21. ~~iker~~ kunde dei gjödsle med fiskeavfall, som dei koka og bar utyver. Serleg sild og avfall etter sild, gan. Tare kunde dei og bruka til gjödsel, no er det slutt. Dei la han utyver engi eller köyrde han inni stallen og blanda med gjödsel etter husdyri. Oska nytta dei og. Sild og sildeavfall kjøpte dei, taren tok dei i strandi, skar han med ein sers lja, eller tok den som rak upp etter storm. No er det slutt med å bruka tare til gjödsel.


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEKUNSKAP
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på sama ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten løthake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampa over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?

} Nei.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

} Nei.

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

Gjernarøy i Rogaland.